

# HØYRINGSVAR TIL NOU 1 - 2013

## ”Det livssynsopne samfunn”

### Frå Austrheim sokneråd (eittsoknsråd med fellestrådsansvar)

#### *Innleiing*

Austrheim sokneråd er sokneråd og fellestråd i Den norske kyrkja for Austrheim kommune i Nordhordland. *Det livssynsopne samfunn* er ei omfattande utgreiing, og vi har ikkje gjeve oss tid til å gå grundig inn i alle delane av den. Vi ønskjer likevel å få uttala oss om nokre sider ved utgreiinga, som særleg vedkjem verksemda vår.

Vi støttar oss på KA Kirkelig arbeidsgiver- og interesseorganisasjon sin uttale (<http://www.ka.no/sak/article/156985>), og sluttar oss i det alt vesentlege til den.

Etter først å ha kome med nokre prinsipielle synspunkt, tek vi opp tre tema som vi ser på som særleg viktige for oss.

Vi ser positivt på den endra omgrepsbruken bort frå livssynsnøytralt, og til livssynsopne. Dette signaliserer at tru og livssyn høyrer heime i vanlege menneske sine liv, og skal koma til uttrykk i det offentlege rommet på ein naturleg måte.

Samstundes får vi eit inntrykk av at utvalet har ønskt å oppnå dette livssynsopne samfunnet på ein måte som svekkjer kristentrua generelt, og Den norske kyrkja spesielt si stilling, medan andre trus- og livssynsmessige ytringar får ein større plass. Vi vil åtvare mot ei slik utvikling, både ut frå at det store fleirtalet av innbyggjarane her i landet tilhøyrer eit kristent trussamfunn, og ut frå den sentrale rolla kristen tru har spela gjennom tusen år, og framleis spelar.

#### **Punkt 17 - Vigselsrett**

Etter 2005 har det offentlege ved Skatteetaten ansvar for prøving av alle ekteskap. Gjennom denne endringa vart det gjort eit tydelegare skilje mellom ekteskapet som på den eine sida ei rettsleg, samfunnsmessig ordning, og på den andre sida som noko ein i ulike trus- og livssynssamfunn ønskjer å markera eller framheva. Denne omlegginga ser vi positivt på. Men vi vil åtvare mot eit endå skarpere skilje, der ein først må ordna ekteskapsinngåinga på eit offentleg kontor, og deretter kan få ei velsigning eller anna stadfesting i det trus- eller livssynssamfunnet ein tilhøyrer. Ei slik endring trur vi ikkje vil verka til ei meir livssynsopen tilnærming til ekteskapet, men til fleire sambuarskap. Mange vil resonnera som så at skal det vera så omstendelig å inngå ekteskap, så kan det vera det same med heile greia.

Austrheim sokneråd støttar KA, når det i deira høyringsfråsegn heiter: *”Ekteskapsinngåelsens offentligrettslige betydning og statens kontrollbehov kan styrkes bl. a. ved utvikling av ordningen med prøving av ekteskap”*.

#### **Punkt 18 - Gravferdsforvaltning**

Fellestrådet (soknerådet i eitt-soknskommunar) har dei fleste stadane i landet hatt ansvar for gravferdsforvaltninga gjennom lang tid, frå lenge før vi fekk ny kyrkjelov i 1996. Dette er ei oppgåve dei har klart godt. Det vert lagt ned store ressursar i gravferdsforvaltninga, og arbeidet vert utført av kompetente folk. Nettopp fordi desse medarbeidarane har ei trygg forankring i DNK, møter dei personar som tilhøyrer andre trus- og livssynssamfunn med respekt, og på ein innsiktsfull måte. I lag med gravferdsbyråa utgjør kyrkjeleg tilsette eit godt team som, i dei aller fleste tilfelle, skaper ei verdig ramme rundt gravferda. Undersøkingar viser at gravferder er mellom dei offentlege tenestene som folk flest er mest nøgde med.

I kyrkjeforliket frå 2008, og gjennom endringane i gravferdslova er det stadfesta at det offentlege gravferdsansvaret framleis skal liggja hos fellestråda.

Svært mange gravplassar ligg dessutan like opptil kyrkjebygga, og desse vert i stor grad nytta som seremonilokale. Gravplassen er for alle, og tilrettelagd der særlege rituale og religiøse skikkar krev det. Det vi ser lokalt i vår kommune er at alle dei som ikkje er sterkt tilknytte eit trus- eller livssynssamfunn veljer gravferd frå DNK, eller - i svært få tilfelle - vil dei ikkje ha nokon seremoni.

Vi meiner at fellestråda framleis må ha ansvar for gravferdsforvaltinga ut frå kompetanse, tradisjon og evna vår til å forhalde oss til alle ulike trus- og livssynssamfunn. Dette er arbeidsoppgåver vi meiner vi har klart godt i alle år.

### **Punkt 31 - Kyrkjebygg**

Kyrkjebygget er både eit heilag hus og eit kulturhus. Mange stader er det gamle bygg, kanskje dei eldste i ein kommune. Men det er dyrt å vedlikehalda kyrkjebygga, og å halda dei varme til dei tenestene ein skal ha der. Difor har DNK ei utfordring som svært få av trus- og livssynsamfunna har. Dersom deira bygg ikkje lenger er tenlege som forsamlingslokale, kan dei kvitta seg med dei, og ordna seg på ein annan måte. I DNK disponerer vi ikkje bygningsmassen vår like fritt.

Vi meiner det må lagast ei tilskotsordning for **alle** bygg som er i bruk av trus- og livssynssamfunn. I ei slik ordning må det takast omsyn til dei særlege utfordringane med å ta vare på kyrkjebygga, og til at desse bygningane ikkje berre er møtestader for medlemmene i DNK, men òg ein felles arena i lokalsamfunnet.

Austrheim 27.08.2013

Austrheim sokneråd